



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/3506-20

## **Uttale til fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak om restriksjonar på bruk av tobakk.**

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gje slik tilråding:**

Hovudsamarbeidsutvalet har følgjande fråsegn:

.....

### Vedlegg:

Sak 14/3506 Restriksjonar mot bruk av tobakk for tilsette og folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Som varsla i notat til møtet i fylkesutvalet 04.06.14 har fylkesrådmann saksførebudd sitt framlegg om at fylkeskommunen innfører restriksjonar på bruk av tobakk for tilsette og folkevalde i fylkes-kommunen. Restriksjonane på tobakksbruk, særskilt røyking, for tilsette og folkevalde, går utover det som følgjer av tobakkskadelova.

Fylkesrådmann gjer framlegg om så sterke restriksjonar som det truleg er høve til, utan at vedtaket vil måtte sjåast på som usakleg utøving av arbeidsgivar sin styringsrett eller kome i konflikt med den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 8 om at einkvar har rett til respekt for privatlivet sitt.

Fylkesrådmann gjer framlegg om slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot røyking på fylkeskommunal grunn og i fylkeskommunale tenestebilar. Fylkesvegar vert ikkje omfatta.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører røykfri arbeidstid for alle tilsette i arbeidstida. Dette gjeld ikkje når dei tilsette oppheld seg i ein privat sfære.
3. Dei folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere røykfrie i samband med utføringa av vervet som folkevald. Dette gjeld ikkje når dei folkevalde oppheld seg i ein privat sfære medan dei utfører vervet.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører snusfri arbeidstid for tilsette som har kontakt med born og unge, pasientar eller publikum. Dette gjeld ikkje når dei tilsette ikkje har slik kontakt.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot tobakkssurrogat og tobakksimitasjonar som ikkje er godkjende av helsestyresmaktene. Dette gjeld i skuletida for elevar og studentar

og i arbeidstida for tilsette som har kontakt med born og unge. Forbodet gjeld ikkje for dei tilsette når dei ikkje har slik kontakt.

6. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbyr røykeavvenningskurs til tilsette og folkevalde. Vedtaket i denne saka har verknad frå 1. januar 2015.

## **Fråsegn frå LAMU**

Fylkesrådmann har bede einingsleiarane legge saka fram for LAMU ved eininga. 10 av 16 LAMU har komme med fråsegn. Fråsegnene følgjer under her.

**LAMU ved Dale vidaregåande skule** har i møte 28.10.2014 sett på saksframlegget og ser eit behov for ei tydelegare klargjering på eitt punkt:

Skal ein lærar som sit på eige kontor i ein fritime ha lov å snuse? Han sit på eige kontor, men har bunden arbeidstid og elevar kan oppsøkje han på kontoret.

Her står under punkt 4: «Tilsette som har kontakt med born og unge bør som rollemodellar ikkje nytte snus i arbeidstida.[...] Unntak frå forbodet må gjelde når dei tilsette dette gjeld, ikkje har kontakt med born, unge, pasientar eller publikum. Dette vil kunne vere tilfellet når tilsette t.d. jobbar på eige kontor»

Utover dette har vi ingen innvendingar mot dei nye restriksjonane.

**LAMU ved Eid vg skule** 29.10.14. Merknad: Det er viktig at reglane er klare og tydlege. Vert t.d. ulønt lunsj rekna som arbeidstid?

**LAMU ved Firda vidaregåande skule** 29.10.2014 sak 34/14: Uttale til saksframlegg om restriksjonar mot bruk av tobakk - brev frå fylkesrådmannen, datert 21.10.14  
Rektor gjorde greie for saka.

LAMU fann i hovudsak å kunne støtte framlegget til fylkesrådmannen, men påpeikte at førebyggande tiltak også er viktige for å få folk til ikkje å røyke og bruke snus. LAMU ber om avklaring på følgjande punkt:

- Kven skal sjekke ut at reglane blir overhaldne?
- Forslag 5 om forbod mot tobakkssurrogati og tobakksimitasjonar må strykast frå forbodslista - eit håplaust forslag.
- Dramalinja nytter enkelte gonger røyk/snus i sine framsyningar. Skal dei søkje om fritak kvar gong?

Vedtak: LAMU støttar i all hovudsak fylkesrådmannen sitt forslag, men ber om avklaring på kven som skal passe på at reglane blir overhaldne, at forslag 5 om forbod mot tobakkssurrogati og tobakksimitasjonar blir tatt bort, og ei avklaring på om drama kan nytte røyk/snus i sine teaterframsyningar.

**LAMU ved Høyanger vidaregåande skule** 22.10.2014. LAMU ved Høyanger vidaregåande skule gjorde i sak 7/14 20.05.2014 vedtak om at tilsette skulle vere tobakksfrie i arbeidstida, definert frå 08.00 – 16.00, vedtaket vart effektuert 01.08.2014. Det har så langt ikkje vore noko problem knytt til dette vedtaket.

LAMU stettar fylkesrådmannen si tilråding og ser positivt på at ein kan tilby røykeavvenningskurs til tilsette.

**LAMU ved Mo og Øyrane vidaregåande skule** sluttar seg til uttale til saksframlegg om restriksjonar mot bruk av tobakk for tilsette og folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune. LAMU ved Mo og Øyrane vgs meiner også at elevane kan få tilbod om røykeavvenningskurs.

**LAMU ved Måløy vidaregåande skule** hadde møte fredag den 24. oktober der lovendringa m.h.t. tobakksskader var oppe som sak. Vedtaket frå LAMU i var som følgjer:

Sak 3 Restriksjonar for bruk av tobakk  
LAMU har ingen merknader til restriksjonane, og tek dei til etterretning

**LAMU for sentraladministrasjonen** hadde møte 30. oktober, og hadde då dokumentet «Uttale til saksframlegg om restriksjonar mot bruk av tobakk» til handsaming i utvalet.

LAMU for sentraladministrasjonen vedtok samrøystes fylgjande innspel til dokumentet:

1. Det er ynskjeleg at det vert lagt større vekt på folkehelseperspektivet i saka.
2. Det bør leggast større vekt på samarbeid (mellom tilsette og arbeidsgjevar) og motiverande tiltak. Omtalen av røykeavvenningskurs bør nemnast lenger framme i saka enn slik som det er skrive no.
3. Det er ynskjeleg at ordninga vert sett i verk etter at røykeavvenningskursa er gjennomført; det vil seie iverksetjing frå 1. juli 2015.

**LAMU ved Sogndal vidaregåande skule** har i møte 30.10.14 handsama saka, gjev med dette følgjande fråsegn:

LAMU ved Sogndal vgs er positiv til at det vert like reglar for tilsette og elevar knytt til bruk av tobakk. Ein ønskjer vidare like reglar for alle fylkeskommunalt tilsette, utan skilje på tilsette som har kontakt med barn og unge. Ein ønskjer at alle tilsette i Sogn og Fjordane fylkeskommune er førebilder, og ikkje nyttar tobakk i arbeidstida.

Me ser at reglar rundt tobakkssurrogat og imitasjonar vert paradoksale, då ein òg har andre varer som er helseskadelege ved dei fylkeskommunale kantinene, etc. Det vert likevel vanskeleg å handtere reglane rundt dette, og støttar det som er skrive om forbod (ref førre punkt)

LAMU ved Sogndal vgs ber vidare om at alle fråsegnene som kjem inn frå einingane vert lagt med til politikarane for handsaming i fylkesutvalet og i fylkestinget.

**LAMU ved Stryn vidaregåande skule** har handsama saka i møte 04.11.2014.

Fråsegn: ingen merknadar til saksutgreiinga eller framlegg til vedtak i saka.

**LAMU tannhelsetenesta** har i ekstramøte den 27.10.2014 handsama fylkesrådmannen si saksutgreiing og framlegg til vedtak i saka om restriksjonar mot bruk av tobakk.

#### VEDTAK:

LAMU tannhelsetenesta støttar fylkesrådmannen si saksutgreiing og framlegg til vedtak om restriksjonar mot bruk av tobakk slik den ligg føre.

## **Konklusjon**

Fylkesrådmann ber hovudsamarbeidsutvalet utarbeide ei fråsegn som følgjer saka til vidare politisk avgjerd, først i fylkesutvalet så i fylkestinget.